



Trusopplæringsprogrammet er ein viktig del av soknerådet og kyrkja sitt arbeid i Uskedalen. Ei gruppe samla med einingsleiar for trusopplæringa, Kristine Hestad.

Soknerådet legg fram ei fyldig og solid årsmelding på Soknemøte, som vert halde etter gudstenesta på sundag. 2017 har vore eit arbeidsår med høg aktivitet og mange tilskippingar. Frammøte har vore godt til gudstenester, temekvelder, konsertar og salmekvelder. Tiltaka i trusopplæringsprogrammet er gjennomført etter vedteken plan. Soknerådet er godt nøgdd med det gode samarbeidet ein har med sokneprest, kantor, Hobbyklubben, Tårnagentane og om konfirmantarbeidet.

I årsmeldinga, som vert lagt fram for godkjenning på sundag, les vi at Soknerådet tilsaman har drøfta 66 saker. Rett nok går mange saker att frå møte til møte, men det høge talet vitnar om høg aktivitet og god leiing. Det er gjennomført 8 samlingar av det vi kan kalla salmekvelder, konsertar og temakvelder. Lutheråret vart markert med Jørn Øyrehagen Sunde si førelesing om Luther sine teser og kva reformasjonen har hatt å sei for samfunnsutviklinga i Europa.

Ei nyskapande korfestivalen i november samla mykje folk. Med initiativ frå Uskedal musikklag vart det gjennomført ein musikk- og salmekveld med utgangspunkt i musikk henta frå repetoaret til Frelsesarmeen. Ei gruppe frå Odda var invitert. Dei hadde innslag. Eit eige konfirmantjubileum, som det vert invitert inn til annakvart år, gjekk av stabelen helga 8. - 10. september.

I 2018 vil soknerådet halda fram arbeidet med mellom anna å gjera nokre fysiske endringar for å betra tilkomsten for rullestolbrukarar, finna plass til leikekrok bak i kyrkja og få montert eit minikjøkken i eine sakrestiet. Ljoset i koret må betrast. Det er vanskeleg å sjå teksten for dei som les og øver inn tekstar. Videokanon og lerret er alt montert.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

